



Klassebilete frå 2007: Bak frå venstre Nils Naasen, Knut Inge Eidsvik, Ragnvald Myklebust, Stig Børsheim og John Myklebust. Foran frå venstre Randi Guddal, Marta Kjersti Bergstø, Sissel Wang, Bjørg Inga Friheim, Liv Mari Kjærland, Sigrund Eik, Solbjørg Eik og Inger Loise Eidsvik.

Laurdag var vi samla att, vi som starta på skulen i Uskedalen for 40 år sidan. Vi var 13 elevar som møttest saman med lærar Svein Sunde. Mange av oss har ikkje sett kvarandre på over 30 år, så dette vart ei gripande stund.

Festen starta i pauserommet på skulen med velkomsthelsing, og så fortalde Svein oss om skulen anno 1967 og anno 2007. Vi var den første klassen han hadde på denne skulen så han hugsa oss svært godt.

Etter dette fekk vi ei omvisning på skulen der Svein fortalde oss det han hugsa samstundes som vi fortalde det vi hugsa. Nokre av klasseromma er nett like den dag i dag som då vi starta på skulen.

I biblioteket synta Svein oss nokre bilete han hadde teke av oss i skuletida og dei var det veldig kjekt å sjå.

Etter kaffi og kaker i pauserommet gjekk drøsen og dei tre timane på skulen enda med at Svein fekk blomar av oss for at han hadde gjort dagen så fin og uforgløyemeleg.



Svein Sunde var lærar for klassa for 40 år sidan. Han sit til høgre på biletet.

Så gjekk turen til Dønhaug Gjestegard der Magne Huglen tok godt i mot oss og fortalde om garden i gamle dagar og i dag. Vi hadde ein god middag, litt musikk, allsong, gitarspel og trekkspell-låtar. Folk song så det ljoma over heile Dønhaug og det vart ein fin kveld som vara til langt uti dei små timar.

Jo, det var ein stor klassefest!

Av Ragnvald Myklebust



Klassebilete frå "gamle dagar": Bak frå venstre Nils Naasen, Ove Tysdal, Knut Inge Eidsvik, Ragnvald Myklebust, Stig Børsheim. John Myklebust, Jan Arne Ljosnes og Christian Stensletten. Foran frå venstre Eva Reime, Marta Kjersti Bergstø, Sissel Wang, Bjørg Inga Friheim, Liv Mari Kjærland, Sigrun Eik, Solbjørg Eik og Inger Loise Eidsvik.